

Kunnskapsgrunnlag

Rapport II: Innspel til strategiar for utvikling av
kommunedelsentera i Øygarden



Dokumentet summera opp innbyggarinnspeil til utvikling av
kommunedelsentera Rong, Ågotnes og Skogsskiftet.

Innhald

1.	Innleiing	4
	Kopling til samfunnsdelen til kommuneplan for Øygarden 2022-2034	4
	Kva skal vi oppnå med delprosjektet?	5
	Nærare om innbyggarinvolvering og medverknad	5
	Korleis lesa rapporten/kunnskapsgrunnlaget?	6
2.	Innbyggarinnspe Rong	8
	Fakta om kommunedelsenteret Rong	8
	Identitet og tilhørsle	8
	Bustad for alle og godt bumiljø	9
	Tenestetilbod	10
	Lett tilgang til natur	11
	Uterom og møteplassar	11
	Mobilitet og trygg ferdsel	12
	Lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring	14
	Kor tilfreds er innbyggjarane på Rong?	15
	Kva bør gjerast noko med på Rong?	15
3.	Innbyggarinnspe Ågotnes	17
	Fakta om kommunedelsenteret Ågotnes	17
	Identitet og tilhørsle	17
	Bustad for alle og godt bumiljø	18
	Tenestetilbod	18
	Lett tilgang til natur	20
	Mobilitet og trygg ferdsel	21
	Uterom og møteplassar	22
	Lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring	22
	Kor tilfreds er innbyggjarane på Ågotnes?	23
	23
	Kva bør gjerast noko med på Ågotnes?	23
4.	Innbyggarinnspe Skogsskiftet	25
	Fakta om Skogsskiftet	25
	Identitet og tilhørsle	25
	Bustad for alle og gode bumiljø	26
	Tenestetilbod	26
	Lett tilgang til natur	27

Mobilitet og trygg ferdsel.....	28
Uterom og møteplassar.....	28
Lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring.....	30
Kor tilfreds er innbyggjarane i Skogsskiftet?	31
Kva bør gjerast noko med i Skogsskiftet?.....	31
5. Kva er felles og kva skil kommunedelsentera frå kvarande?	33
Dette er felles ved kommunedelsentera.....	33
Dette er unikt ved dei ulike kommunedelsentera	35
Dette bør vi ha fokus på i arealdelen til kommuneplanen.....	36
Korleis kan vi følgja dette opp i andre prosessar	37

1. Innleiing

Dette er den andre rapporten i arbeidet med delprosjektet «lokalsenter-, kommunedelsenter- og bygdestrategiar». Prosjektet er del av kunnskapshentinga for å utvikla strategisk planprogram for arealdelen til kommuneplanen for Øygarden (jf. ([KS-sak 232/23](#)). Innspela vi får gjennom medverknadsaktivitetar, skal fungera som grunnlag for politiske drøftingar om prinsipp for arealbruk i lokalsentra, kommunedelsentra og bygdene i Øygarden.

Denne rapporten summerer opp innspel som gjeld dei tre kommunedelsentra.

Kopling til samfunnssdelen til kommuneplan for Øygarden 2022-2034

[Samfunnssdelen til kommuneplanen for Øygarden \(KPS\)](#), med vedtekne arealstrategiar, er førande for delprosjektet. Eit hovudgrep i vedtekne arealstrategiar, er ein senterstruktur med fire nivå (jf. figur 1.1.). Denne senterstrukturen skal bidra til at innbyggjarane, uavhengig av kvar dei bur i Øygarden, får korte avstandar til tenester i sitt nærmeste sentrum.



Øygarden (jf. [Samfunnssdelen til kommuneplan for Øygarden](#)).

Denne senterstrukturen skal bidra til at innbyggjarane, uavhengig av kvar dei bur i Øygarden, får korte avstandar til tenester i sitt nærmeste sentrum.

Kvart nivå i senterstrukturen har tilhøyrande strategiar for korleis areala, på eit overordna nivå, skal nyttast, kva for funksjonar og tenester som typisk bør tilbydast og korleis både sentra og bygdene kan utviklast og styrkast med utgangspunkt i dei ressursane og kvalitetane dei har (jf. kapittel 9 i KPS).

I september-oktober 2024 har det vore medverknadsmøter, og ope for innbyggjar-

Figur 1.1. Senterstrukturen i

innspel til utvikling av dei tre definerte kommunedelsentera våre. Mål for samfunnsutviklinga, vedteken senterstruktur med tilhøyrande *arealstrategiar for kommunedelsentera* (kapittel 9.4 i KPS og faktaboks), har vore førande for innspela. Merk likevel at arealstrategiane for korleis «vi skal ta heile kommunen i bruk» (jf. kap. 9.1 i KPS), «styrka oss som næringskommune» (kap. 9.6) og «ta vare på naturen vår» (kap. 9.7) også har verknad på korleis areala i kommunedelsentera bør brukast i framtida. I tillegg er delmål om «bustad for alle», med tilhøyrande strategiar, viktig grunnlag for delprosjektet og kunnskapshentinga.

Kva skal vi oppnå med delprosjektet?

Mandat for delprosjektet er som følgjer:

- utdjupa samfunnssdelen sine kommunedelsenterstrategiar for nærmiljøutvikling, bustader og enkelt kvardagsliv for alle
- fastsetta kommunedelsentera si utstrekning og omfang av fortetting og tenestetilbod
- avklara korleis vi kan legga til rette for bustader for alle i kommunedelsentera
- utvikla småskala næring basert på ressursane og identiteten/særtrekka som kommunedelsentera har.

Nærare om innbyggarinvolvering og medverknad

Arealdelen til kommuneplanen, som dette prosjektet er ein del av, skal utarbeidast etter plan- og bygningslova, noko som inneber krav om medverknad (jf. pbl § 5-1). Kunnskapen som ligg til grunn for denne rapporten, byggjer på medverknad frå:

- barn og unge, i form av barnetråkk i barnehagar og grunnskulen (hovudsakeleg 5. og 8. trinn),
- gjennomførte innspeismøter i dei tre kommunedelsentera,
- tilrettelegging for gjestebod,
- digital kartløysing på Øygarden kommune si nettside.

Medverknadsperioden starta med barnetråkk våren 2024. Medverknadsmøta vart arrangert i september m/møgleheit for å gje innspel fram til fram 13. oktober. Møgleheita til medverknad vart formidla slik:

- SMS til alle innbyggjarar og grunneigarar over 16 år med lenke til nettsida om meir informasjon (våren 2024)
- Annonse i Vestnytt i forkant av møta, og gjennom heile medverknadsperioden
- Informasjon på kommunen sine info-skjermar
- Plakatar og flygeblad på kommunen sine innbyggartorg og bibliotek
- Artiklar på kommunen sine nettsider
- Informasjon på sosiale media i forkant av møta og oppdatering undervegs
- Artiklar i Vestnytt
- Oppmoda råda til deltaking og om å dela informasjon til sine interessegrupper med oppfordring om å delta i medverknadsarbeidet

Alle offentlege og private skular og barnehagar har vore invitert til å gjennomføra Barnetråkk. Våren 2024 gjennomførte 21 skuleklassar frå 5.- og 8.-trinn og 12 barnehagar i Øygarden [Barnetråkk-arbeidet](#). Ytterlegare 13 skuleklassar og 1 barnehage gjennomførte kartleggingsprosjektet hausten 2024. På grunn av manglande kompatibilitet mellom kartløysinga til Barnetråkk og tilgjengeleg IKT-utstyr, har ikkje Danielsen barne- og ungdomsskule (privat) fått gjennomført kartlegginga. Med unntak av to barneskular og ein ungdomsskule har alle dei offentlege skulane delteke i Barnetråkk-prosjektet. Resultat frå barnetråkk som gjeld kommunedelsentera våre, er nytta som kunnskapsgrunnlag i denne rapporten.

På medverknadsarrangementa i kommunedelsentera, som vart gjennomført i september-oktober, deltok ca. 100 innbyggjarar.¹ I tillegg fekk vi:

- 7 innspel via den digitale kartløysinga, og
- 6 innspel i WebSak (brev- og e-postformat).

Samla har om lag 115 innbyggjarar gitt innspel som gjeld kommunedelsentera. I tillegg har 3 barnehagar m/hjelp frå vaksne og om lag 90 skulelevar bidrige med innspel som gjeld kommunedelsentera (jf. barnetråkk).

Korleis lesa rapporten/kunnskapsgrunnlaget?

Med utgangspunkt i mandat for delprosjektet, har vi bedt innbyggjarane om innspel til sju tema:

- Identitet og tilhørsle
- Bustad for alle – gode buminljø
- Tenestetilbod
- Lett tilgang til natur
- Mobilitet og trygg ferdsel
- Uterom og møteplassar
- Lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring

Tema tar utgangspunkt i vedtekne arealstrategiar (KPS) og kjent kunnskap om kva for kvalitetar som gjer stader og lokalsamfunn til ein god stad å bu. Metodikken vi la til grunn bygger på

¹ Rong (ca. 50 deltagarar), Ågotnes (ca. 25) og Skogsskiftet (ca. 25).



«stedskompasset», men er forenkla og forkorta for å få tilstrekkeleg tid til gjennomføring.

I kapitla som følgjer er innspel frå både barnetråkk og medverknadsaktivitetane systematisert og framstilt tematisk og geografisk i tekst og kart. Tekst som i rapporten er sett i «*kursiv*», er sitat frå dei tekstlege innspela vi har fått i medverknadsmøta og/eller «ettersendte» innspel frå innbyggjarar.


2. Innbyggarinnspel Rong

Fakta om kommunedelsenteret Rong

Rong er det nordlegaste og minste kommunedelsenteret i Øygarden. I underkant av 1400 personar bur innanfor kommunedelsenteret. 24 prosent av innbyggjarane er barn og unge (0-18 år). 17 prosent er 67 år eller eldre. 65 prosent av innbyggjarane bur i einebustad. I gjeldande planar er det potensiale for rundt 700 nye bustadeiningar. Rong har tenestetilbod som barnehage, barneskule, ungdomsskule, idrettshall, svømmehall, bibliotek og innbyggartorg, kulturhus, sjukeheim, legekontor, private helsetenester, apotek, kjøpesenter/handel, daglegvare, bensinstasjon, servering, marina. Fjordparken som stod ferdig i 2020 utgjer eit flott opparbeida grøntområde i kommunedelsenteret.

Identitet og tilhørsle

Identitet og tilhørsle handlar om kva innbyggjarane meiner gjer kommunedelsentera til ein god stad å bu, og kva det er som særpregar og knyter dei til staden. Kvalitetane som innbyggjarane løftar fram, handlar også om kva dei «set pris på», er glad i og som dei meiner må takast vare på eller styrkast i den vidare utviklinga av kommunedelsenteret.



Figur 2.1. Kva ved Rong gjer deg stolt? (N=58)

På Rong er det naturen, sjøen, Fjordparken og Hjeltefjorden med idrettsanlegg, som innbyggjarane trekkjer fram som viktig for dei. I tillegg verdset dei det tenestetilbodet som i dag finst i senteret


høgt.

Bustad for alle og godt bumiljø

Temaet «bustad for alle» handlar også om å gjera Øygarden til ein god stad å bu, og viktigheita av at alle innbyggjarane har tilgang til trygge og tilgjengelege bustadar. Ein viktig samfunnsstrategi for bustadutviklinga i kommunen er:

«Vi skal sikra variasjon i bustadtilbodet i heile kommunen, og tilby ulike bustadar og buformer som passar for ulike livsfasar og livssituasjonar».

Når det gjeld dei tre kommunedelsentera våre, er det vedteke at vi skal: «styrka kommunedelsentera med bustader tett på eit utvida tilbod av arbeidsplassar og tenester».



Kart 2.1. Innspel som gjeld bustad for alle på Rong.

Innbyggjarane på Rong er bra nøgd med bustadtilbodet (sjå figur 2.2), men dei meina likevel det «*trengst meir variasjon i størrelse, pris og plassering*».

Særleg behov er knytt til eldre. Som vist i kart 2.1. meina dei at denne aldersgruppa treng eit bustadtilbod sentralt, og at det er rom for fortetting med bustader for eldre i kommunedelsenteret. Blant anna skriv dei: «*Vi treng både generasjonsbustader*», «*eldreblokks med moglegheit for fellesskap*», og/eller «*moderne eldreboligar der folk kan klara seg sjølv 24/7*». Dei legg til at slike bustader må vera universelt utforma.

Det er også behov for fleire bustader til førstegongs- etablerarar og småbarnsfamiliar. Gjerne «*solrikt og vestvendt*» (sjå kart).

Tenestetilbod

I vedtekne arealstrategiar for kommunedelsentera (jf. kap. 9.4 i KPS) heiter det at vi skal styrka kommunedelsentera «med større variasjon av tilbod enn i lokalsentera». Dette inneber å:

«styrka og vidareutvikla tilboda innan detaljhandel, kommunale helse- og omsorgsteneste, skule, barnehage, kultur, fritid og idrett».

Per i dag er innbyggjarane som nyttar Rong som sitt nærmeste senter, «middels nøgd» med tenestetilbodet. Blant tilboda dei har i dag, er særleg tenester knytt til helse løfta fram som viktig. Spesifikt nemner dei: *«helsestasjon, eldresenter, heimesjukepleie, legekontor, terapibasseng, fysioterapi, apotek mm.»*. I tillegg viser dei til betydninga av barnehage, skule og dei oppvekst- og fritidstilboda som finst i tilknyting til Hjeltefjorden og ved Fjordparken.

Andre viktige kulturtilbod er biblioteket og kulturhuset på Rong. Typiske «senterfunksjonar», så som daglegvarer, frisør og bensinstasjon er også tenester dei treng og set pris på. Det er likevel tenester, særleg offentlege, som dei saknar:

- Legevaktsordning
- Tannlege
- Jordmor
- Fysioterapi
- Politi

I tillegg er det behov for eit meir allsidig tilbod til unge, særleg for dei som ikkje deltek i organisert fritidstilbod. Døme på slikt tilbod kan vera «ungdomsklubb» og «sykkelpark».

Fleire av deltakarane på innspelsmøte som vart arrangert i Rong, bur lenger nord i kommunen, og nyttar «Rong som sitt kommunedelsenter».

Mange blant desse er uroa for framtidig tenestetilbod i senteret: *«I staden for å utvikle Rong til kommunedelsenter, ser ein, diverre, tydelege teikn på at ein byggjer ned tenester, at det gamle rådhuset vert forlete, og barnehagen får kanskje ikkje leve vidare. Dette står skarpt i strid med kva samfunnsplanen seier om kva eit kommunedelsenter skal vere. Her må KPA gje som svar at samfunnsplanen skal følgjast opp».*

På generelt grunnlag meina innbyggjarane at *«tidlegare Øygarden rådhus bør nyttast til å tilby fleire kommunale tenester til innbyggjarane nord i kommunen»*. Dei etterlyser også *«betre kollektivtilbod m/fleire mini- og hent-meg-bussar»*.

«Eg meiner at skuletilbodet i nord må haldast, sjølv om framlagde prognosar synet nokon anna kva gjeld folketals-veksten. Det vert i framlegg til skule- og barnehagebruksplan, sagt at det vert nullvekst i gamle Øygarden. Det er med stor undring ein ser at næringsutviklinga i nord skal bety nullvekst på sikt? Vil ikkje dette skape arbeidsplassar, og kvar skal dei bu? Skule- og barnehagetilbodet, er viktig for å halde på innbyggjarane og for å få tilflytting. Det kan gjerast ved å legge vekt på prinsippa om desentralisering og nærliek».



Lett tilgang til natur

Å ta vare på naturen er ei vedteken målsetting i samfunnsdelen til kommuneplanen for Øygarden (jf. kapittel 9.1 i KPS). Når det gjeld sentra våre, skal vi:

- Prioritera natur- og friluftsareal som er viktige for at sentera våre er attraktive bustadområde
- Disponera areal til å opparbeida tur- og friluftsområde tett på, eller i alle sentersonene

Natur og sjø er også viktige særtrekk ved Rong, og innbyggjarane er godt nøgd med den tilgangen dei har til naturen (jf. figur 2.2.). Det blir blant anna vist til at «Fjordparken, Ormhilleren og rundløypa ved Dethloffhytta» er særleg verdifulle natur- og turområde i kommunedelsenteret. I kart 2.2. blir det også vist til kva for aktivitetar innbyggjarane utfører ulike stadar i naturen. Det same gjeld for kartregistreringane i barnetråkk (sjå også kart 2.3.).



Sjølv om innbyggjarane er godt nøgd med tilgangen til natur, saknar dei meir universell tilrettelegging. Særleg gjeld dette tilrettelegging til sjø: «*de med nedsett funksjonsevne - hvor skal de gå på tur og komme seg til sjøen for å fiske? Det må lages fiskeplass til de i rullestol og universelt utforma tursti for alle*». Det blir også vist til at «*badeplassar i Oen krev sikker overgang for besökande*».



Kart 2.2. Viktige naturområde på Rong. Kartet til høgre er henta frå barnetråkk og viser stader som er viktige for barn og unge sine aktivitetar.

Uterom og møteplassar


Innbyggjarane er bra nøgd med uterom og møtestadar på Rong. Til dømes løftar dei fram fleire stadar ved sjøen og i naturen som er viktige for dei; så Fjordparken



Kart 2.3. Innspeil som gjeld viktige møteplassar og uteområde på Rong.

og Ormhilleren, og plassar der barn, unge og voksne akar, badar og fiskar (kart 2.2. og kart 2.3.).

Også i barnetråkk er det registrert fleire viktige plassar i naturen der dei likar å opphalda seg. Dette gjeld særleg området rundt skulen, Hjeltefjorden arena og Fjordparken, men også stader der dei badar, akar, går på skøyter eller møter vene for leik (sjå kart 2.2, 2.3. og 2.5).



Kart 2.4. Innspeil som gjeld mobilitet og trygg ferdsel på Rong.

Biblioteket og kulturhus på Rong er også holdt fram som viktige møteplassar for innbyggjarane.

Blant ting dei saknar er ein: «møteplass/fiskeplass ved sjøen der eldre eller de med funksjonsnedsettelse kan nyte livet, eller slå av en prat. Man må ikke møtes på senteret alltid».

Dei legg også til at: «ungdommen i nordre del av Øygarden treng ein møteplass som ungdomsklubb. I dag driv dei mykje dank og ugagn». Ein ungdomsklubb kan til dømes etablerast i Fjordparken.

Mobilitet og trygg ferdsel

Trygge og trivelege vegar å ta seg fram i nærområda på, gjer at fleire kan gå eller sykla


framfor å nyttja bil. Fysisk tilrettelegging for meir aktiv og helsefremjande transport kan handla om gang- og sykkelvegar, fortau, snarvegar i terreng, overgangar, reduserte fartsgrenser mm.

I samfunnsdelen til kommuneplanen for Øygarden står det blant anna at vi skal «*Prioritera trygge og attraktive koplingar og trasear for gåande og syklende innanfor sentersonene*» (jf. arealstrategiar i KPS, kap. 9.1).

Barnetråkk Rong

Skuleelevar og ungdomsskuleelevar har kartlagt området rundt Rong. I kommunedelsenteret er det varierte aktivitetstilbod, der symjing, fotball og volleyball blir framheva. Samtidig er det registrert fleire negative opplevingar, som mykje søppel og stor trafikk. Fjordparken blir trekt fram som ein populært møtestad med fin utsikt, der barna gjerne oppheld seg, men det blir og peika på at parken er prega av søppel og knust glasbitar.

Aktivitet



Negativt



Positivt



Rong skule er trekt fram som eit fint bygg, men barna uttrykkjer eit ønske om fleire leikeapparat på uteområdet.



Barna melder at dei ofte følar seg utsrygge langs skulevegen på grunn av manglante overgangsfelt og fortau.



Fjordparken er eit populært område der mange barn gjerne oppheld seg for å leike og ha det kjekt.

Kart 2.5. Registreringar frå barnetråkk på Rong.

På Rong er dei middels nøgd med trafikktryggleiken. Frå barnetråkk-registreringane er det meldt om fleire stader der barn og unge føler seg utrygge, grunna mykje trafikk (sjå kart 2.5). Frå innspelsmøta blir det det også vist til behov for tryggare skuleveg. Blant anna meina dei at «fartsgrensa på Rongflata må senkast» og Ulvesundet bru «må leggast til rette for gåande og syklende». Det er også behov for tiltak ved Osundet bru. Dei legg til at skulevegen ved gamle Kiwi må bli tryggare, og det må etablerast rundkøyring eller flytta overgangsfeltet ned mot Rong skule. Gangfeltet, slik det er plassert i dag, mein dei er farleg.

Innbyggjarane er heller ikkje nøgd med kollektivtilbodet: «*For å styrke bygdene og Rong som kommunedelsenter, vil det vere ein god ide å lage eit betre busstilbod i nordre del av Øygarden. Kva med å setje opp buss, kvar time, mellom Rong og alle bygdene i nordre del av kommunen, gjerne inkludert Misje og Turøy og mellom kommunedelsentera Ågotnes og Rong. I dag er det born som ikkje får vere med på fritidsaktivitetar, grunna store avstandar og manglande kollektivtilbod*».

Lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring


Eit viktig arealstrategisk grep frå samfunnsdelen til kommuneplanen er at sentra sitt sær preg og ressursgrunnlag skal kunna nyttast i framtidig utvikling. Dette betyr at det er viktig å identifisera dei ressursane som gir lokalsenteret sær preg og eventuelt kan nyttast i småskala lokal næringsutvikling.

Innspela som gjeld lokalt ressursgrunnlag på Rong, viser primært til dei ressursane som finst i senterområdet, med tilbod som kafé, bibliotek, blomsterbutikk, treningscenter, Hjeltefjorden arena og Fjordparken. Også kulturhuset med moglegheit for ulike kulturarrangement, vert haldt fram som ressurs for småskala næringstilbod. I tillegg nemner dei Kystmuseet i Oen.

Som vist i kart, meina dei også at det finst eit potensiale i sjøressursane og marine næringar, men legg til: «*Føler på utanforskap v/å få konsesjon til hausting av marine ressursar. Har en oppfatning av at oppdrettsanlegg blir prioritert*».

Det blir også spelt inn at «*rådhuset på Rong og gamle Blomvåg skule, kan leggast til rette som gründer-hub*» for innbyggjarane nord i kommunen.

Kart 2.6. Innspel som gjeld lokalt ressursgrunnlag som kan nyttast til småskala næring.




Kor tilfreds er innbyggjarane på Rong?

Figur 2.2. summera opp kor tilfreds dei som har gitt innspel til utvikling av kommunedelsenteret Rong er med høvesvis bustadtibodet, bumiljøet, tenestetilbodet, tilgang til natur, mobilitet/trygg ferdsel, uterom/møteplassar, korleis dei nyttar ressursgrunnlaget og kor god dei trivst på Rong.

Lågast skår gir innbyggjarane på spørsmålet om dei per i dag nyttar ressursgrunnlaget sitt til småskala næring (2,6 poeng av 5). Dei er også middels nøgd med tenestetilbodet (2,7 av 5) og opplevinga av mobilitet og trygg ferdsel (2,8 av 5).

Mest nøgd er dei med tilgangen dei har til naturen og bumiljøet sitt. I tillegg trivst innbyggjarane svært godt.



Figur 2.2. Innbyggjarane si grad av tilfredsheit med Rong. 1 er lågast skår, 5 er høgast.

Kva bør gjerast noko med på Rong?

Innbyggjarane er også spurta om kva dei meiner bør gjerast noko med i kommunedelsenteret. På Rong er dei særleg opptekne av at tenestetilbodet må oppretthaldast for «alle generasjonar», og foreslår at «rådhuset kan nyttast til å tilby gode tenester til lokalbefolkinga». Så legg dei til at dei «treng tannlege».

Innbyggjarane er «rimeleg nøgd» med tilbodet av uterom og møteplassar på Rong (3,7 av 5 poeng), men dei ser behov for betre tilbod til unge, særleg for dei som ikkje deltek i organiserte tilbod.

Spesifikt blir det meldt inn behov for ein ungdomsklubb nord i kommunen. Her etterspør dei eit



tydleg signal som viser korleis Øygarden kommune skal nytta bygga sine (inklusive uteareal) i framtida.

Innbyggjarane er også opptatt av mobilitet og tryggare ferdsel. Som vist er det spelt inn fleire forslag til utbetringar. I tillegg ønskjer befolkninga meir universell utforming; særleg gjeld dette tilgang til sjø, men også turstiar.

3. Innbyggarinnspel Ågotnes

Fakta om kommunedelsenteret Ågotnes

Ågotnes er det mest folkerike kommunedelsenteret i Øygarden, og har mange arbeidsplassar, særleg industriarbeidsplassar. Meir enn 4 000 personar bur innanfor kommunedelsenteret. Kommunedelsenteret har høg andel barn og unge, i overkant av 27 prosent av innbyggjarane er i aldersgruppa 0-18 år. Vel 11 prosent er 67 år eller eldre. 61 prosent bur i einebustad.

I gjeldande planar er det potensiale for 1800 nye bustadeiningar. Ågotnes har tilbod som barnehage, Barneskule, ungdomsskule, idrettsbane, bu- og aktivitetssenter, handel, daglegvare, apotek, servering, privat tenesteyting og helsetenester, legekontor, m.m.

Identitet og tilhøyrslse

På Ågotnes er det naturen med turløyper og tilgang til sjø som innbyggjarane er mest stolt av. I tillegg meina dei at industrihistoria, gode og varierte arbeidsplassar og eit sterkt lokalt næringsliv gir kommunedelsenteret sær preg.




Figur 3.1. Kva ved Ågotnes gjer deg stolt? (N=36).

Bustad for alle og godt bumiljø

Innbyggjarane held fram fleire døme på gode bumiljø på Ågotnes. Til dømes viser dei til Maggevarden og Valderhaug. Der er det: «*nærheit til alt. Natur, transport, handel, skule og idrettsanlegg*». Også Gamle Ågotnes har stor verdi «*med spreidd bebyggelse, og restar av gamle kulturmiljø*». I tillegg viser dei til Vindenes med kort veg til Ågotnes og sjø, sjøutsikt, fine turområde, rikt kulturmiljø og ein velfungerande lokal velforeining.

Bustadtilbodet på Ågotnes er innbyggjarane bra nøgd med (3,5 av 5, sjå figur 3.2), men legg til at det er stor overvekt av einebustadar med relativt høg pris. Fram i tid meina dei det er behov for fleire og rimelegare familiebustadar. Til dømes einebustadar i rekkje. Også førstegangsetablerarar treng eit betre tilbod enn i dag. Det same gjeld for «*seniorar som ønskjer å bu enklare*». Her er det spelt inn forslag om både «*klyngetun og seniortun*» sentralt, i tillegg til «*seniorboliger med sjøutsikt*».



For å møta eldre sine behov er det også behov for fleire omsorgsbustadar, gjerne sjølveigde. Det bør også byggast «*boligar til dei som i dag er bustadlause*».

Moglege plasseringar av «bustad for alle» på Ågotnes er vist i kart 3.1.

Kart 3.1. Innspel som gjeld bustad for alle på Ågotnes.

Tenestetilbod

Innspela tyder på at dei som nyttar Ågotnes som sitt nærmeste senter, er rimeleg nøgd med det tenestetilbodet dei har (3,8 poeng av 5). Som på Rong viser dei til viktigheita av tenester knytt til helse, så som Kvednatunet, lege og apotek. I tillegg set dei stor pris på det lokale handelstilbodet, kafé, «takeaway», pizzeria, pub, overnatting m.m.


Også skulen, idrettsanlegget, ungdomsklubb og Frihuset/BUA er vist til som viktige tenestetilbodi i kommunedelsenteret. Desse tenestetilboda er særleg viktige for barn og unge. Som vist i barnetråkk-kartet viser barn og unge til skulen, med området rundt, som flott og viktig møteplass for dei. Også

idrettsanlegget og symjehallen er omtalt som positive møtestadar og tenestetilbod for barn og unge på Ågotnes (kart 3.2.).


Barnetråkk Ågotnes

Skuleelevane på Ågotnes rapporterer om ein flott skule som fungerer som ein viktig møteplass. Spesielt framhevar dei fotballbana og symjehallen som positive element. Det er registrert mykje trafikk rundt skulen, og fleire påpeikar at det kan vere utfordrande å krysse vegen. Sykkel brukast som transportmiddel til og fra skulen, og mange born uttrykker eit ønske om ein sykkelpark på skuleområdet.

Positivt og negativt



Aktivitet



Skulen vert brukt som ein viktig møteplass. Skulen har fått opprusta uteplassen sin i 2024.



Borna uttrykkjer at det er stor trafikken rundt skulen, og fleire ønskjer seg fortau langs heile vegen til skulen.



Fleire born melder at det er fint i området, og dei trekkjer fram den fine naturen og skogen som dei set pris på.

Kart 3.2. Barnetråkk-registreringar Ågotnes.


Sjølv om innbyggjarane er godt nøgd med tenestetilbodet, er det tilbod dei saknar. Dette gjeld bl.a. tannlegetilbod: «*no er dette heilt umogleg, med tanke på barn/ungdom og foreldre i jobbsituasjon*». Innbyggjarane saknar også bibliotek og innbyggartorg, slik dei har i Skogsskiftet og på Rong.

Det blir også spelt inn behov for arenaer der barn og unge kan drive eigenaktivitet, som «*klatring, skating, parkour, e-sport, mekking, kunst osb.*».

Dei som bur i bygdene rundt Ågotnes, meina kollektivtilbodet er dårlig. Noko som gjer det utfordrande å nytta det teneste- og fritidstilbodet som finst i kommunedelsenteret.

Lett tilgang til natur

Fleire turløyper, blant anna mellom Ågotnes-Vindenes-Landro, og mange badeplassar er vist til som viktige naturområde på Ågotnes. Også «*Spjeldsfjellet med turstiar dit frå ulike stader på Ågotnes og Midtmarka videre sørover, har stor verdi som samanhengane naturområde utan inngrep*».



Når det gjeld badeplassar og sjøområde blir det vist til viktigheita av «*Kårtveitpollen, Kvernavatnet, Vardøysundet og heile Skjenet, badepass i Pålvatnet på Solsvik og i Vindenespollen*». Også barnetråkk-registreringane viser til viktigheita av desse plassane (sjå kart 3.2.).

Kart 3.3. Innspeil som gjeld tilgang til natur på Ågotnes.

Innbyggjarane på Ågotnes er bra nøgd med tilgangen dei har til natur og sjø (3,8 av 5 poeng), men dei har fleire forslag til betring. Blant anna meina dei at:

- «vi kan setje av meir areal til frisbeegolf»,

- «universelt utforma turløyper for alle (og lengre løypar) manglar»,
- «universelt utforma tursti mellom Ågotnes og Landro»,
- «turstiar bør merkast betre»,
- «Bleivassvegen manglar lys til turgåande»,

- «det er ikkje nok parkeringsplass ved turløypene»,
- «gangstien rundt Kvernvatnet må brøytaast», og
- «Blåbærstien på Vindenes bør koplast saman med turløypa til Ågotnes, Landro og Angeltveit».

Dei meina også at dei treng «*better tilgang til sjødn for alle*». Mange har ikkje tilgang til båt og sjø, og vi burde legge til rette for «*delebåtar, utlån eller leige*». Det er også behov for ei «*småbåthamn med felles naust, der vi kan ta opp motor og har moglegheit for vinterlagring*».

Mobilitet og trygg ferdsel


Innspel som gjeld mobilitet og trygg ferdsel, handlar mykje om trafikktryggleik, men også om almen tilkomst til natur og sjø i form av betre parkeringstilbod. Når det gjeld trafikktryggleik viser dei bl.a. til at «*vi har ein trafikkfarleg veg som går tvers gjennom kommunedelsenteret. Dette er også skuleveg. Sjølv om det er gangvegar må hovudvegar kryssast. Dette er ikkje trygt*».

I barnetråkk-registreringane vert det peika på mykje trafikk rundt skulen, og at det ofte kan vera

utfordrande å kryssa vegen. På strekninga Ågotnes mot Rong meina innbyggjarane at fartsgrensa bør senkast til 60 km/t: «*Det er uthyrt for barn og unge å ferda på denne aksen + mange ulykker. Ulykkesstatistikk Kollveit - Ågotnes har gått ned, mellom Rong og Ågotnes går statistikken opp!! FARTGRENSE MÅ NED!*».

Kart 3.4. Innspel som gjeld mobilitet og trygg ferdsel på Ågotnes.

For å betra trafikktryggleiken meina innbyggjarane at forbindelsen gjennom sentrum, frå




Valderhaug/Polleidet til Maggeverden kan betrast. Det same gjeld for trafikkavviklinga i sentrum. T.d.: «*kan rundkjøring erstattast med miljøtunnel under Maggeverden m/kollektivterminal oppå, der rundkjøringa er i dag*».

I dag «*manglar dei også gang- og sykkelsti - særleg på Vestsidevegen*».

Uterom og møteplassar

Barn og unge viser til skuleområdet, idrettsanlegga og fleire leikeplassar i bustadområda som viktige møteplassar på Ågotnes. Både barnetråkk og øvrige innspel held fram området rundt skulen som særleg viktig for dei. Dette området meina dei bør vidareutviklast med tilbod som fremmar eigenaktivitet, som til dømes ein spelehall, klatrehall og sykkelbane. Frå barnetråkk går det også fram at mange nyttar sykkel som transportmiddel, og at dei ønskjer ein sykkelpark i området rundt skulen.



Kart 3.6. Innspel som gjeld uteområde og møteplassar på Ågotnes.
Kartet til høgre er henta frå barnetråkk.

Naturen og sjøen byr også på viktige møteplassar for barn, unge og voksne på Ågotnes. Som vist i kart 3.6.

er det mange uteområde der innbyggjarane t.d. badar om sommaren eller skøytar på vinterstid. Det blir også vist til plassar som eignar seg for sjøaktivitet som kajakk, dykking, fiske mm.


Kyrkja på Landro, Ågotnes bedehus og fleire samfunns- og grendahus i området er også holdt fram som viktige møtestadar for innbyggjarane.

Summert opp tyder tilbakemeldingane på at innbyggjarane er middels nøgd med tilboden av uteområde og møteplassar (Figur 3.2). Som nemnt saknar dei aktivitetstilbod som fremmar barn og unge sin eigenaktivitet. I tillegg ønskjer dei betre parkeringstilbod og fleire benkar der dei kan «slå av ein prat» i turløypene. I sentrum på Ågotnes meina dei det bør: «*skapast eit miljø ved å tilrettelegga for eit samlingspunkt med grøne lunger, benker og trær*».

Lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring

Innbyggjarane på Ågotnes meina dei har både landskap og sjøområde som kan nyttast til småskala næring. Spesifikt viser dei til «*Kystlaget og naustmiljøet ved Gamle Ågotnes, Notloftet på Vindenes og Kårtveitpollen*». Som vist i kart 3.7 (sjå også kart 3.6) er det markert fleire områder som egnar seg til

fiske- og dykketurisme, og vatnsport med blant anna båt- og kajakkutleige. Det er også vist til stader som egnar seg til molo og småbåthamn, og i den «*gamle krabbefabrikken på Solsvik kan det utviklast kamskjelnæring*», meina dei.



Kart 3.7. Innspel som gjeld lokale ressursar som kan nyttast til småskala næringsutvikling på Ågotnes.

Kor tilfreds er innbyggjarane på Ågotnes?

Som vist i figur 3.2. viser tilbakemeldingane at innbyggjarane trivst rimeleg god på Ågotnes (3,9 av 5 poeng). Det same gjeld for bustadtilbod, tenestetilbod og tilgangen dei har til naturen.

Minst nøgd er innbyggjarane med mobilitet og trygg ferdsel (2,2 poeng av 5) og tilgang på uterom og møteplassar (2,8 av 5).


Kva bør gjerast noko med på Ågotnes?

Ikkje uventa er det også tryggare ferdsel og fleire møteplassar innbyggjarane meina er viktigast å gjerar noko med på Ågotnes.

Når det gjeld trafikktryggleik, viser dei til: «*gjennomgangs-trafikken som deler Ågotnes i to*». Fram i tid ønskjer dei ei «*mindre bilbasert senterutvikling. Senteret bør ikkje vera ei rundkøyring*».

Kommunedelsenteret treng ei meir: «*heilsakleg planlegging med uterom som er gode å ferdast i til fots. Ikkje berre i naturen, men bilfrie fellesareal, gode grøne lunger, parkområde og*

Ågotnes (N=21): På ein skala frå 1-5, kor tilfreds er du med:



Figur 3.2. Innbyggjarane på Ågotnes si grad av tilfredsheit (N=16).

gang- og sykkelvegar». Også kollektivtilbodet må betrast. Til dømes med «båtruter til by'n» og bussforbindelsar frå: «Ågotnes til Rong, og Vestsio til Straume. Barn og unge deltek på aktivitetar alle stadar i kommunen».

Skape meir trivsel ved å lage gode grønne lunger og møteplasser og trivelige gangveier med lys. Kafeer, lekeplasser, skatepark, klatrepark og klatresenter

Når det gjeld møteplassar og uterom, er det bilfrie uterom i sentrum, betre lågterskeltilbod og tilbod som stimulera til eigenaktivitet dei spelar inn.

Også tenestetilbodet meina dei kan gjerast noko med. Her handlar det om: «bibliotek og innbyggartorg, og biblioteket kan gjerne kombinerast med kafé».

4. Innbyggarinnspel Skogsskiftet

Fakta om Skogsskiftet


Skogsskiftet er det sørlegaste kommunedelsenteret i Øygarden, og har i underkant av 1500 innbyggjarar innanfor sentersona. 23 prosent av innbyggjarane er barn og unge under 19 år, medan 15 prosent er 67 år eller eldre. 77 prosent av innbyggjarane bur i einebustad.

I gjeldande planar er det potensiale for i underkant av 1 400 bustader. Skogsskiftet har tenester som barnehage, bibliotek/innbyggartorg, vinmonopol, apotek, daglegvare, kjøpesenter, legeteneste, bensinstasjonar og sjukeheim i sentrum. Fotballbane og gjenvinningsstasjon ligg også tett på sentrum, medan barneskule, idrettshall, brannstasjon og ei avdeling av Sotra vidaregåande ligg i ytterkanten av kommunedelsenteret.

Identitet og tilhøyrslle

Som i dei andre kommunedelsentera er det flest som spelar inn at det er naturen som gjer staden sær preg og innbyggjarane stolt. Men «naturen sin verdi» er ikkje like framståande og tydleg. Som illustrert i figur 4.1 meina innbyggjarane at Skogsskiftet sitt sær preg handlar like mykje om dei tenestetilboda dei har, så legekontor, Sundheimen, omsorgsbustader, apotek, bibliotek, innbyggartorg, treningscenter, daglegvarer og andre typar handel. Dei set pris på å ha eit sentrum som er: «*lite og tett, med korte avstandar*».

I tillegg løftar dei fram «*idrettsanlegga, frivilligheita, innbyggjarane og folket*».




Figur 4.1. Kva ved Skogsskiftet gjer deg stolt? (N=82).

Bustad for alle og gode bumiljø

Innbyggjarane er middels nøgd med bustadtilbodet i Skogsskiftet (2,8 av 5 poeng), og viser til at det per no er: «*lite variasjon, det finst mest einebustadar*». Som vist i faktaboks, bur 77 prosent av innbyggjarane i einebustadar.

Innbyggjarane er kjent med at det føreligg planar for vidare bustadbygging, og legg til at dersom vi: «*tar med dei nye felta, blir det noko variasjon i størrelse og pris. Må satse på at dei nye bustadområda blir attraktive, med bustadtilbod for alle*».



Som vist i kart 3.1. meina dei at bustadområdet bak Sund senter vil vera særleg attraktivt, grunna nærleik til alle senterfunksjonane.

Attraktivitet vil likevel henge saman med pris. Difor må: «*pris på leilegheiter i området bli meir overkommeleg. Prisen må samsvara med det som vert seld. Særleg eldre er prissensitive når dei skal selje einebustadar og kjøpe leilegheit i sentrum*».

Innbyggjarane legg vekt på at dei treng eit meir variert tilbod; både til eldre og 1.gonsetaberarar. Det blir også spelt inn at dei treng fleire bumiljø med nærleik til sjø, og at det er mogleg å utvikla eit bustadområde rundt Hald stadion.

Kart 3.1. Innspele som gjeld bustad for alle i Skogsskiftet.

Tenestetilbod

Som nemnt tidlegare meina innbyggjarane at senteret med «*fleire basale tenester*», gir Skogsskiftet sær preg. Dei viser blant anna til viktigheita av å ha god tilgang på helsetenester som «*legar, tannlege, fysioterapi og apotek*». Dei set også handelstilbodet i kommunedelsenteret høgt; så som «*daglegvarer, bensinstasjon, blomsterbutikk og vinmonopol*».


Når det gjeld tenester knytt til kultur og fritidstilbod, viser dei til «*bibliotek, innbyggartorg, idrettsanlegg og treningscenter*». For barn og unge er særleg idrettsanlegget og skuleområdet holdt fram som viktig (sjå kart 3.5).

Samla tyder tilbakemeldingane på at dei er rimeleg nøgd med dagens tenestetilbod (3,8 poeng av 5, sjå figur 3.2). Av tenester dei saknar blir det vist til skuletannlege. Slik også innbyggjarane på Rong og Ågotnes påpeika, kan det vera utfordrande for foreldre i jobb å henta/frakta skulebarn til og frå tannlegetime på Straume.

Andre tenester dei saknar er «ungdomsklubb» og fleire «korttids- og avlastningsplassar til eldre». Dei saknar også ein lokal «symjehall, lokalar som frivillige organisasjonar fritt kan nyta, og teleslyngar (som virka) i alle kommunale bygg».

Av privat tenestetilbod dei kunne tenkja seg, nemner dei «bokhandel, post i butikk og kafé og restaurant som ein møteplass utover biblioteket». Dei minna oss også på at: «kollektivtilbodet frå bygdene til senteret er därleg, noko som gjer det vanskeleg å nå dei tenestene som finst i kommunedelsenteret».

Lett tilgang til natur



Kart 3.2. Innspel som gjeld viktige naturområde og lett tilgang til natur i Skogsskiftet. Kartet til høgre er barnetråkk-registreringar.


Barn og unge viser også til fleire fine stader i naturen og skogsområde som dei nyttar i kvardagen (sjå kart 3.2 og kart 3.4.).

Fleire innspel peika på at innbyggjarane i Skogsskiftet treng betre tilgang til naturen enn det dei har i dag. Dette gjeld særleg for dei som treng universell tilrettelegging. Per no har: «vi ikkje universelt tilrettelagte turområde».

Dei treng også fleire parkeringsplassar ved turområda i senteret. Dei meina også at

Skogsskiftet er det kommunedelsenteret som får lågast skår på kor nøgd innbyggjarane er med tilgang til natur (3 poeng av 5, figur 3.2.), men dei har fleire friluftsområde, turløyper og -stiar som per i dag er viktige for dei (kart 3.2.). Dei held særleg fram området rundt Skogavatnet, som har potensiale til universell utforming og Skogestranda med badeplassar.

Innbyggaren er også opptekne av å ta vare på naturmangfaldet som finst i Sundskogen. Det finst også edellauvskog som er viktig å ta vare på.




«strandsona ikkje er tilstrekkeleg tatt vare på. Den er ikkje tilgjengeleg for alle». Generelt er tilgang til sjøaktivitetar noko dei manglar i kommunedelsenteret.

Mobilitet og trygg ferdsel

Det er få innspel som gjeld trafikktryggleik i barnetråkk-registreringane, men barn og unge viser til at dei føler seg utrygge i området rundt skulen og ved Dala (sjå kart 3.2 og 3.4). Frå dei øvrige innbyggarinnspela blir det peikt på at det er därleg oversikt fleire stadar, og at «*hekkar langs hovudveg og i senterområde, samt i Midtstegen, må klippast*». I tillegg trengst «*fleire gangfelt i området rundt skulen og på strekninga Skogsskiftet, Trengereid og Dala*».

For å gjera det lettare og tryggare å ta seg fram, har dei fleire forslag til snarvegar i senteret. Som vist i kart 3.3. meina dei det kan lagast snarvegar frå fleire bustadfelt til skuleområdet og langs hovudveg.



Til dømes vil snarvegar frå bustadfeltet på Hammersland til Sundvegen og Skogsskiftet: «*gjera det lettare å gå, sykla og reisa kollektivt*». Det kan også utviklast stiar ved Skogsvåg stadion.

Det er også tydlege tilbakemeldingar på at sentrumsområde er vanskeleg å ta seg fram i for personar med funksjonsnedsetting: «*Det er mange fortauskantar og därleg asfalt. For bevegelses- og synshemma er det også vanskeleg å koma seg frå bussen til senteret*». Meir universell utforming i sentrum er difor nødvendig.

Innbyggarane som bur utanfor kommunedelsenteret, men nyttar Skogsskiftet som sitt nærmeste senter viser til behov for betre kollektivsystem. Som andre stader i kommunen meina dei at eit «ringbuss-system» vil «løysa» kollektivproblemene i kommunen.

Kart 3.3. Innspel som gjeld mobilitet og trygg ferdsel i Skogsskiftet.

Uterom og møteplassar


I barnetråkk-registreringane blir det vist til fleire leikeplassar i buområda og idrettsanlegg som viktige møteplassar i Skogsskiftet. Når det gjeld leikeplassar, meina dei at mange av desse krev oppgradering og utbetring. Barn og unge peikar også ut fleire plassar i naturen der dei går tur, badar om sommaren og skøyter på vinteren (sjå kart 3.4.).

Innspel frå dei øvrige innbyggarane viser at dei er under middels nøgt med tilbod av møteplassar og uterom i kommunedelsenteret (2,3 poeng av 5, sjå figur 3.2.). Blant dei møteplassane dei har, og er

nøgd med, blir det vist til «biblioteket, handlesenteret, treningsenter og idrettsanlegg». Når det gjeld idrettsanlegg meina dei at desse bør «utviklast med aktivitetar, både for eldre og med ungdomsklubb i klubbhuset».

Barnetråkk Skogsvåg

Skuleelevane synast at det er fleire fine naturområde i nærleik av bustadområda rundt kommunedelsenteret Skogsvåg. Mange likar skulen sin og meiner dei har eit fint hus. Idrettsområda i sentrum og ved barneskulen vert i stor grad nytta til aktivitet og som møteplass. Samtidig er det registrert søppel i sentrum og ved barneskulen, og ønskje om at leikeplassar i bustadområda skal blir rusta opp.



Av aktivitetar er det særleg ballspel og leikeplassar som er registrert i Skogsvåg. Nokre få registererer at dei syklar.




Det er få registreringar på korleis borna opplev trafikk langs hovudvegen gjennom kommunedelsenteret.



Ved fleire bustadområde er det meldt om fin skog, natur og utsikt. Skuleelevane nyttar også naturen i nærområdet.

Kart 3.4. Resultat frå barnetråkk i Skogsskiftet.




Ei tydeleg tilbakemelding frå innbyggjarane er at dei ønskjer meir variasjon møteplass-tilbodet og betre tilrettelagte eterom i sentrum. Til dømes skriv dei: «*Finnes ingen møteplassar i Skogsskiftet i dag.* «*Ingen* setter seg på en benk for å hygge seg her». Difor ønskjer dei seg eit «*torg i sentrum, slik det er vedteke i planar*».

Som nemnt tidlegare saknar også innbyggjarane tilrettelagte møteplassar ved sjø. Eit døme er «*gjestehamn*».

Kart 3.5. Innspel som gjeld viktige eterom og møteplassar i Skogsskiftet i

Lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring


Det er få registreringar på tema «lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring» i Skogsskiftet. Som vist i kart 3.6. gjeld dei innspela vi har fått, områder og ressursar som finst i naturen og ved sjøen. Til dømes er området rundt Kvalvågen, Skoge og Skotaneset løfta fram.



Kart 3.6. Lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring Skogsskiftet.

Kor tilfreds er innbyggjarane i Skogsskiftet?

Innbyggjarane som bur i eller nyttar Skogsskiftet som sitt nærmeste senter er mest nøgd med tenestetilbodet (3,8 av 5 poeng). I tillegg melder dei tilbake å ha gode bumiljø (3,1) og at dei trivst rimeleg godt i senteret (sjå figur 3.2).



Minst nøgd er dei med uterom og møtestadar, variasjon i bustadtildotet, og mobilitet og trygg ferdsel.

Figur 3.2. Innbyggjarane i Skogsskiftet si grad av tilfredsheit.

Kva bør gjerast noko med i Skogsskiftet?

Det er også dei temaområda som innbyggjarane er minst nøgd med dei meina må gjerast nok med. Flest tilbakemeldingar er knytt til mobilitet og trygg ferdsel, og handlar i stor grad om å gjera det tryggare for mjuke trafikantar å ta seg fram i senteret: «*betre tilrettelagt for gåande. Treng*

samanhengande gangfelt til all tenesteytande næring i området. Trafikksirkling med overgangsfelt og naturlege kryssingspunkt av bilveg for mjuke trafikantar».

I tillegg meina dei at det er: «*behov for gangvegar langs bilvegane inn til senteret*». For at innbyggjarar som bur utanfor senteret skal kunna nyta dei tilboda som finst, «*må kollektivtilbodet betrast med ringbussar inn til senteret*».

Også tilbod av uterom og møteplassar må gjerst noko med. Som nemnt tidlegare saknar dei «*utforming og oppgradering med eit torg og tilrettelagt uterom og møteplassar i sentrum*».

Friområde og leikeplassar i kommunedelsenteret har behov for oppgradering, og tilbodet til ungdom bør bli betre; t.d. i forma av ein «*ungdomsklubb, fysakhall, symjehall og fotballhall*». Dei saknar også «*møterom, møteplassar, lagerplass for frivillige lag og organisasjonar*».

Spesielt tilrettelagt trafikkskring i sentrumsområde for "mjuke trafikantar" med tanke på at bebuuarar frå tilrettelagte boligar skal kunne ferdast trykt ute på eigehand. Synshema, hørselshemmet,

Gratis sosiale møteplasser for å slå av ein prat med sambygdingar, møterom som ikkje fordrar at du må betala for å delta/sitte



Av øvrig tenestetilbod som kan bli betre, viser dei til «skuletannlege» og eit meir variert «butikk og kafé-tilbod».

Til slutt er dei opptekne av betre tilgang til natur og sjø med universell tilrettelegging og etablera ein «badeplass ved Skogsvatnet».

5. Kva er felles og kva skil kommunedelsentera frå kvarande?


Som nemnt i kapittel 1 skal innspela og kunnskapen vi har fått gjennom medverknadsaktivitetar hjelpe oss i arbeidet med å:

- utdjupa samfunnssdelen sine kommunedelsenterstrategiar for nærmiljøutvikling, bustader og enkelt kvardagsliv for alle
- fastsetta kommunedelsentera si utstrekning og omfang av fortetting og tenestetilbod
- avklara korleis vi kan legga til rette for bustader for alle i kommunedelsentera
- utvikla småskala næring basert på ressursane og identiteten/særtrekka som kommunedelsentera har.

Vidare skal kunnskapsgrunnlaget vera gjenstand for politiske drøftingar om prinsipp og vedtak av strategiar for bruk av areala i dei tre kommunedelsentera i Øygarden.

Figuren under illustrera kva som er fellestrekks og kva som skil dei tre kommunedelsentera frå kvarandre.

På ein skala frå 1-5, kor tilfreds er innbyggjarane i dei tre kommunedelsentera med:




Figur 5.1. Kva er felles og kva skil kommunedelsentera frå kvarandre?

Dette er felles ved kommunedelsentera

Felles for dei tre kommunedelsentera er at innbyggjarane rapporterer om god trivsel. Vi ser likevel ein tendens til at innbyggjarane i kommunedelsentera gir litt lågare skår på trivsel enn innbyggjarane i dei sju lokalsentera (sjå figur 5.2).

Eit anna fellestrekke er at innbyggjarane i kommunedelsentera, som i lokalsentera, peikar på natur og sjø som viktige verdiar og særtrekk ved staden, men desse verdiane og identitetmarkørane er ikkje like tydleg framheva i kommunedelsentera som i dei sju lokalsentera våre. Med unntak av Rong, er også innbyggjarane i kommunedelsentera litt mindre nøgd enn i lokalsentera, med kor god tilgang dei har til naturen og sjøen. Her skil Skogsskiftet (og lokalsenteret Knarrvika) seg mest ut, ved å vera klart mindre nøgd med tilgangen dei har til natur og sjø i sine nærområde (sjå figur 5.1. og 5.2).



Figur 5.1. Kva er felles og kva skil kommunedelsentera og lokalsentera frå kvarandre?

Når det gjeld innspel som handlar om å betra tilgangen til naturen i kommunedelsentera, er innbyggjarane særskild opptekne av å betra den universelle tilgangen. Utan unntak er universell tilkomst til sjø eit særleg stort sagn blant innbyggjarane i alle sentera våre.

Tilgang til sjø, natur- og friluftsareal spelar ei viktig rolle for rekreasjon og folkehelse, men også for kommunedelsentera sin attraktivitet som bustadområde. I tillegg viser innbyggjarane til den verdien som naturen og sjøen har som ressurs, med stort potensiale til å utvikla småskala næring lokalt. Dette gjeld særleg næringsutvikling retta mot opplevingsøkonomi, reiseliv og turisme.

I alle kommunedelsentera er det kome innspel om verdifulle naturområde som må tas vare på for framtida. Dei har også peika på viktige naturtypar som vi må verna om.

Alle er opptekne av tenestetilbodet i kommunedelsentera. Med unntak av Rong, er innbyggjarane rimeleg nøgd med det tenestetilbodet dei har i dag. Innbyggjarane som nyttar kommunedelsentera

som sitt nærmeste senter, er også meir nøgd med tenestetilbodet enn dei som bur i eller nyttar tenestetilbod i lokalsentera (sjå figur 5.2).

Tenestetilbod som er særleg viktig for dei er:

- skule- og barnehagertilbod
- tilbod knytt til helse; så som lege, fysioterapi, apotek, helsestasjon, eldresenter og heimesjukepleie
- kultur- og fritidstilbod som til dømes idrettsanlegg, leikeplassar, bibliotek, innbyggartorg
- handel som til dømes daglegvarer, bensin, frisør, kafé og tilsvarande

Sjølv om innbyggjarane er rimeleg nøgd med tenestetilbodet, ønskjer all eit breiare tilbod. Når det gjeld offentleg tenestetilbod, er dei særleg opptatt av skuletannlege (som er ei fylkeskommunal oppgåve), betre tenester til eldre, og eit ytra behov for å skapa arenaer (ute og/eller inne) som stimulera barn og unge til eigenaktivitet.

Tiltak som fremmar mobilitet og trafikksikring er også viktige tema for innbyggjarane i kommunedelsentera. Ei generell tilbakemelding er behov for å gjera det tryggare for mjuke trafikantar å ta seg fram, og at kollektivtilboden må betrast med type hent-meg-bussar og ringbussar. Innspel som gjeld vidare utvikling av i dei tre kommunedelsentera, må også kunna tolkast som eit ønskje om mindre bilbasert sentrumsutvikling, der det fram i tid kan skapast uterom og «grøne lunger» der folk og mjuke trafikantar kan ferdast og møtast.

Når det gjeld bustadtilbod, etterspør innbyggjarane større variasjon i tilboden. Eit særleg behov er knytt til bustader for eldre og førstegangsetablerarar. Denne tilbakemeldinga gjeld for alle kommunedelsentera og lokalsentera våre.

Jamt over er innbyggjarane rimeleg nøgd med tilboden dei har av uterom og møteplassar i kommunedelsentera. Likevel er kommunedelsentera sine innbyggjarar (med unntak av Rong) litt mindre nøgd med møteplasstilboden enn dei er i lokalsentera våre. Årsaka kan er truleg knytast til eit tydlegare ønskje om uterom/møteplassar (for mjuke trafikantar) i sentrum, og at innbyggjarane i kommunedelsentera (m/unntak av Rong) i litt mindre grad oppgir å nytta naturen og sjøen som møtestad, enn det innbyggjarane gjer i lokalsentera våre (jf. figur 5.1. og 5.2).

Dette er unikt ved dei ulike kommunedelsentera

Som omtalt i kapitla om kva innbyggjarane meina må gjerast noko med i kommunedelsenteret dei bur i eller nyttar, er det særleg tenestetilbod, møteplassar, uterom og trygg mobilitet som innbyggjarane gjer merksemd.

Når det gjeld **Rong**, er flest innbyggjarar opptekne av at tenestetilboden dei har i dag må oppretthaldast og betrast. Per no er dei uroa for konsekvensane av barnehage- og skulebruksplanen og det framtidige tenestetilboden knytt til oppvekst (inklusive tilbod innan fritidsaktivitetar) og helse. Ei generell tilbakemelding kan summerast opp slik: *«tenestetilboden til alle generasjonar må oppretthaldast. Det gamle rådhuset på Rong må nyttast til å gje gode tenester til lokalbefolkinga»*. Innbyggjarane etterlyser også ein open dialog om etterbruk av kommunale bygg. Dette gjeld både det gamle rådhuset på Rong og dei skulane (med uteområde) nord for Rong som allereie er lagt ned, og dei som i ny skulebruksplan blir foreslått lagt ned fram mot 2034. Fleire av desse kommunale byggja, med uteareal, meina dei kan nyttast til tenester, møteplassar, aktivitstilbod, gründer-hub mm.

Innbyggjarane på Ågotnes er særleg opptekne av å løysa trafikkutfordringane i kommunedelsenteret med ei «mindre bilbasert sentrumsutvikling, med grøne lunger, benkar og uterom». Innbyggjarane er rimeleg nøgd med tenestetilbodet dei har i dag, men dei uttrykkjer behov for tenestetilbod i form av flater/areal til møteplassar som sikrar eit lågterskelbehov og stimulera til eigenaktivitet for alle innbyggjarar og alle aldersgrupper.

Innbyggjarane på Ågotnes har industri tett på seg, noko som gir senteret sær preg og innbyggjarane er stolt av. Samstundes spelar dei inn at arealet som CCB nyttar, må nyttast «godt» før ein tar i bruk nytt areal til næring.

I **Skogsskiftet** er også innbyggjarane opptatt av ei meir «trafikksikker» sentrumsutvikling. Dei ser eit særleg behov for fleire og meir varierte bustadtilbod i sentrum, kombinert med universelt tilrettelagt framkomst, og gode uterom og møteplassar sentralt.

Skogsskiftet er det kommunedelsenteret der innbyggjarane er minst nøgd med tilgangen dei har til natur og sjø. I medverknadsarbeidet har innbyggjarane peika ut fleire stader der det kan utviklast turløyper, snarvegar og universelle tilkomstar til sjøen og naturen; noko dei saknar og manglar i dag.

Dette bør vi ha fokus på i arealdelen til kommuneplanen

Bustad for alle – Innbyggjarane er opptekne av bustader for eldre og førstegangsetablerarar. Som reguleringsmynde har ikkje kommunen høve til å bestemma målgrupper for bustadområde. Vi kan likevel planlegga for eit meir aldersvennleg samfunn ved å sikra bustadareal tett på senterfunksjonar som butikk, offentlege tenester og kollektivtilbod. I kommunedelsentera vil det også vera viktig å vurdere gjeldande reguleringsplanar, og om dei oppfyller behovet for variasjon i bustadtilbodet.

Mobilitet og trygg ferdsel – For å sikra god mobilitet og trygg ferdsel for framtida vil det vera eit viktig prinsipp i KPA å sikra bustadareal der det allereie er godt kollektivtilbod og vurdere behov for rekkefølgjekrav for å sikre gode tilhøve for mjuke trafikantar.

Uterom og møteplassar – Innbyggjarane løftar fram betydninga av skulen og barnehagane sine uteområde, samt lokale idrettsanlegg som viktige møteplassar i kommunedelsentera. I tillegg peikar både vaksne og barn på naturen og sjøen som viktige møteplassar for treff, aktivitet og leik. I KPA må vi ha fokus på å sikra tilstrekkeleg areal til både organisert og uorganisert aktivitet. Område som invitera til uorganisert aktivitet er særleg etterspurt av innbyggjarane. Når det gjeld tilgang til natur og sjø må vi ta vare på det natur- og friluftsarealet som både særpregar sentera våre og gjer dei til attraktive buområde (sjå også pkt. «lett tilgang til natur»).

Tenester i kommunedelsentera – Innbyggjarane er opptekne av å oppretthalda det tenestetilbodet dei har i kommunedelsenteret i dag, men ønskjer seg også eit utvida tilbod. Nokre peikar på offentlege tenestetilbod særleg innanfor helse og oppvekst (inklusive idretts- og fritidstilbod). Andre ønskjer seg betre butikktilbod og/eller møteplassar i form av ein kafé, og anna privat servering/service. Arealdelen kan ikkje sikra at denne typen aktivitetar vert etablert, men det er eit viktig prinsipp å setta av tilstrekkeleg areal til handel og privat tenesteyting i kommunedelsentera, slik at nokon kan etablera eit tilbod der det er grunnlag for det. Det er vidare avgjerande i KPA å vurdere om vi har tilstrekkeleg arealformål, og om dei ligg på rett stad for å dekke behovet for utvikling i eit langsiktig perspektiv. Dette behovet framkjem av behovsanalysane og Øygarden 2040.

Lett tilgang til natur – Innspela viser at natur og tilgang til sjø er viktig for innbyggjarane våre, og at dette er høgt verdsette kvalitetar ved kommunedelsentera. Gjennom arealdelen kan vi velja å ta vare på tilgangen til natur og sjø, ved å ikkje bygga ned gode koplingar og/eller sikre tilgangar gjennom rekkefølgjekrav i fortettingsområda, men også ved å legga til rette for nye koplingar til naturen/sjøen der det kan la seg gjera. Gjennom arealdelen kan vi også arbeida for at nye bustadområde skal ha god tilgang til natur, og vi må finna balansen mellom vern og utbygging. Universell tilgang til natur og sjø er også ein gjengangar i innspela. Dette er viktig for å sikra at fleire får tilgang, men det vil også kunne krevja at vi gjer inngrep i naturen, noko som kan bety at vi må prioritera kor i kommunen vi legg til rette for universell tilgang til sjø og natur.

Ressursgrunnlag og småskala næring – Innbyggjarane peikar på naturen som eit viktig ressursgrunnlag, med godt potensiale for å utvikla lokal opplevingsøkonomi, reiseliv og turisme. For å sikra grunnlaget for småskala næring i lokalsentera er det difor viktig at vi tek vare på naturen og sikrar tilgang til sjø, i samsvar med punkta over (uterom og møtestadar/lett tilgang til natur).

Korleis kan vi følgja dette opp i andre prosessar

Mykle av kunnskapen som er kome fram i medverknaden er relevante for andre prosessar. Det krev at kommunen tek i bruk verkemiddel utanfor rolla som reguleringsmynde, og utanfor arbeidet med arealdelen til kommuneplanen. Dette kan vera gjennom oppfølging av eigedomsstrategien, gjennom systematisk oppfølging av bustadsosialt arbeid, dialog med utbyggjarar og andre samarbeidsaktørar i næringsnettverket. Bergen- omland og friluftsråd (BOF) og lokale lag og organisasjonar er døme på samarbeidsaktørar, som kan vera avgjerande for å utvikle kommunen innanfor tema som er omtalt i denne rapporten.

Kunnskapen som kommunen har fått gjennom medverknad er nyttig som grunnlag for rettleiing og vurdering av nye reguleringsplanar, som kjem til kommunen for behandling. Det har også kome inn fleire konkrete innspel på trafikksikring på eksisterande infrastruktur. Desse innspela vil bli handtert og gitt prioritering i trafikksikringsplanen til kommunen, som er i prosess, og som skal til vedtak sommaren 2025.